



Laussal: 50 kr

Åreblad



www.vfkl.no Vestlandsk kystkultur — organ for Vestland Fylkeskystlag Des. 2023 - 30. årg.



Kontaktinfo	2	Osterøy Rundt med Keipane kystlag	14
Naustrestaurering på Askøy	3	Romsa på museumsbesøk på Stord	15
Årsmøte i fylkeskystlaget	4	Fjell kystlag 40 år	16
Skuledagar på Ypsøy og på fjorden	5	Bergen kystlag 40 år	17
Nytt frå fylkeskystlaget	6-7	Gløtt frå råseglsseminaret 2023	18-19
Rekrutteringsfokus i Austevoll	8-10	Åttringen Harald ventar på deg	20-23
Torgdagen i Bergen	11	Kongens fortanestemedalje	24
Gløtt frå Den Store Roen på Bømlo	12-13		

Kontaktinfo

Vestland Fylkeskystlag

www.vfkl.no

Leiar: Thomas Due Sivertsen
Elser 52, 5042 Bergen
902 36 337, post@vfkl.no

Alden Kystlag

v/Siri Helle
Trollefossvegen 23
6982 Holmedal
408 53 549,
helle.sirihelle@gmail.com

Askøy Kystlag

v/Atle Grindheim
Askvegen 567, 5307 Askøy
924 20 912, leder@askoykystlag.no

Austevoll Kyst- og Sogelag

v/Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144, johnson@lysglimt.net

Austevoll Seilforening

v/Andreas Iversen
Postboks 9, 5392 Storebø
90 04 01 57, andreas@aiversen.no

Austrheim Kyst- og sogelag

v/Einar Ellingsen
Littleindås 111,
5943 Austrheim
95 17 83 40

Bergen Kystlag

v/Thomas Due Sivertsen
Elsesro 52, 5042 Bergen
902 36 337,
bergen.kystlag@gmail.com
www.bergenkystlag.no

Bergens Sjøfartsmuseum

www.bsj.uib.no
Postboks 7800, 5020 Bergen
55 54 96 00,
post@sjofartsmuseum.no

Bømlo Kystlag

v/Magnar Skålevik
Ramsbakkane 1, 5420 Rubbestadneset
91574667,
magnar.skalevik@haugnett.no

Båtlaget Njord/Tysnes

www.sigling.no
v/Einar Aslaksen
Njordstø, Postboks 38, 5696 Tysnes
94 26 48 52,
eninar.aslaksen@haugnett.no

Fanaffjorden Tradisjonssegling

v/Kjell Magnus Økland
Petedalsheia 77, 5254 Sandsli
950 46 739, kjellmag@gmail.com

Fjell Kystlag

v/Leif Audun Kalsund
Pb 38, 5346 Straume
977 30 146, kalsundl@gmail.com

Foreininga Kystordverket

www.kystordverket.no
v/Gunnar Bjørknes
91 77 97 55
post@kystordverket.no

Hardanger Fartøyvernssenter

www.fartoyvern.no
Postboks 53, 5601 Norheimsund
47 47 98 39
fartoyvern@hvm.museum.no

Hardangerfjorden Kystlag

v/ Geirmund Storaas
Pb 45, 5600 Norheimsund
414 42 795, info@trebaat.no

Hope Trebåtlag

v/Leiv Terje Sangolt
Pb 85, 5382 Skogsvåg
454 26 736, lsangolt@gmail.com

Hordamuseet

<http://www.bymuseet.no/vaare-museer/hordamuseet/>
Hordnesvegen 24, 5244 Fana
479 79 580
hordamuseet@bymuseet.no

Holsnøy Kystlag

v/Jegvan Kaarbø
Skjelangerveien 661, 5917 Rossland
911 48 103,
jegvan.kaarbo@gmail.com
holsnoykystlag@yahoo.no

Hornelen Kystlag

v/Sigmund Larsen, Lefdal,
6776 Kjølisdalen
57 86 39 72 - siglarse@online.no

Indre Sogn Kystlag

v/Marny Tønnessen
Pb. 62, 6851 Sogndal - 970 30 828
isk@norveg-sognefjord.no

Kalvåg Kystlag

v/Bjarne Pedersen
6729 Kalvåg
bjarne64@live.no
www.facebook.com/KalvagKystlag

Keipane Kystlag

v/Evy Bjørvik Dame
Ytrebygdsveien 129, 5251 Søreidgrend
97423267, Evy.Dame@vlfk.no

Kinn Kystlag

v/Øyvind Haram
Slettvollen 1
oeivindharam@eninvest.no
48 25 87 89

Kvinnherad Kystlag

v/Leif Jarle Kallestad
Bjørkhaugvegen 17, 5450 Sunde
93201813,
post@kvinnherad-kystlag.no

Kystlaget Romsa

v/Terje Lunde
Pb. 23, 5582 Ølensvåg
982 86812, post@kystlaget.romsa.no

Kystmuseet i Øygarden

www.kystmuseum.museumvest.no
Museumsvegen 9, 5337 Rong
53 00 61 40
kystmuseet@museumvest.no

Kystkulturlaget i Vågsøy

v/Kjell Magne Kvalheim
Øvreveien 185, 5966 Raudeberg
kmkvalheim@outlook.no
94 79 13 11

Kystkultur.no

www.kystkultur.no
v/Kjell Magnus Økland
Sandsliahaugen 30
Postboks 7900, 5020 Bergen
950 46 739, post@kystkultur.no

Milde Båtlag

www.mildebatlag.org
v/Geir Lasse Taranger
Skipanesvegen 12, 5259 Hjellesd
90 11 15 96, styret@mildebatalag.org

Nordfjordbåtlaget

v/Lars Bjarte Osland, 990 03 077
Naustvikveien 87
6828 Hestnesøyra
bjartis@hotmail.com

Norges Fiskerimuseum

www.fiskerimuseum.museumvest.no
Sandviksboder 23, 5035 Bergen
53 00 61 60
fiskeri@museumvest.no

Opsangervågen Kystlag

v/Edvin Hammerø
Sundsvegen 10, 5450 Sunde
950 36 557, ehammero@online.no

Oselvarverkstaden

www.oselvarverkstaden.no
v/Vidar Langeland
Hamnevegen 41
905 56 285
vidar@oselvarverkstaden.no

Oselvarklubben

www.oselvarklubben.no
v/Lars Grøteide
Kyrkjevegen 8
6809 Førde
41530992
lgroteide@gmail.com

Oselvarlaget på Os

v/Egil Rundhovde
Kleivane 1, 5200 Os
97960884, timberdal@me.com

Sagvågen Kystlag
v/Terje Lamo
Pb 147, 5408 Sagvåg
905 66 101, tl@tlamo.no

Sandviken Kystlag
v/Rune Tvedt, 48 28 53 46
Sandviksboder 15-17, 5035 Bergen
runetve@online.no

Seilmaker Iversen
www.seilmakeren.no
Mjåtveitflaten 31, 5918 Frekhaug
55 55 74 58,
produksjon@seilmakeren.no

Sund Kystlag
v/Johannes Lidal,
Pb. 119, 5373 Klokkevik
982 23 733
johanneslidal82@gmail.com

Sveio Kystlag
v/Terje Lier
Strømøyveien 71, 5554 Valevåg
908 37 477
terje.lier@norseagroup.com

Torgdagen i Bergen
www.torgdagenibergen.no
v/Anita Heggholmen
Postboks 315, 5343 Straume
92 66 34 72
post@torgdagenibergen.no

Tysnes Kystlag
v/Oddvar Meland
5693 Årbakka
907 92 547
tysnes.kystlag@gmail.com

Vinnesholmen Kystlag
v/Roger Hoel,
Vinnesvegen 518, 5641 Fusa
900 93 249
vinnesholmen@fusi.no

Wærholmen Kystlag
v/Tom Peder Jakobsen
Hellebøstranda 928
6947 Lavik
41 64 93 57
tom@waerholm.no
www.waerholm.no

Ytre Sogn Kystlag
v/Lars Svaberg, 91 17 85 95
Øvre Stølen 91
5966 Eivindvik
ytresognkystlag@yahoo.no

Meld adresseendringer til:
Forbundet KYSTEN,
Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo
forbundet@kysten.no
Tlf. 22 42 42 82



Fire engasjerte jenter, Marte og Marie (16 år) samt Andrea og Malene (11 år), bidrog aktivt til restaureringa av naustet.



Naustet på Fauskanger i all si prakt. Begge foto: Endre Ludvig Olsen

Naustrestaurering på Askøy

Frå 1800-talet var naustet på Askøy finansiert med private midlar. Askøy kystlag nyttar naustet både til båtlagring og som samlingsstad for medlemmane. I røykeriet kan fisk saltast, røykast eller tørkast.

Naustet er eit grindbygg som står nord på Askøy. Etter ei stordomstid på 1800- og 1900-talet med fiske og tørking av garn, hadde bygget både råte-skader og eit sviktande tak. Nina Schanche Nilsen og Endre Ludvig Olsen, saman med snikkarane Ruben Fureli (Fureli Bygg og Bruk) og Dennis Guhl (Vestlaft AS), har stått for restaureringa. Det kom midlar frå Sparebankstiftelsen DNB, Stiftelsen UNI, og Kulturminnefondet, men delar av prosjektet

Det siste året har Furehaugen barnehage gjennomført landnotkast. To personar rodde ein nyrestaurert Oselvar inn til Vågsbotn, der førskulebarn og kystlagsfolk venta. Med hjelp av baslodd og skimla vart nota snurpa og landa.

Landnotkast i Vågsbotn med born, ungdom og kystlag som publikum. Foto: Ole-Christian Næss.



Snø og kulde har prega dei siste vekene. Det plar vera færre som går utpå i båt under den kalde årstida. Når eg fortel folk at eg driv med segling vinters tid får eg gjerne spørsmål om ikkje det er kaldt. Då plar eg spørja attende om ikkje ved-komande driv med ski-gåing om vinteren? Jau, det hender jo det. Er ikkje det òg kaldt? spør eg då. Poenget er at det kan vera svært fine opplevingar i båt på vinteren. Vatnet er klart og i dei rette lys-tilhøva kan ein sjå botnen på mange meters djupne. Fredeleg er det òg. Dei plagsame bråkebåtane frå sumarferien er neppe utpå no på vinteren. Ta deg ein tur ned i naustet og hiv båten utpå. Kanskje bit torsken og uansett får du deg frisk sjøluft som du berre har godt av.



Om Årebladet

Utgjevar: Vestland Fylkeskystlag
www.vfkl.no Opplag: 1150 ex.

Trykte utgåver av Årebladet vert postsendt til alle kystlagsmedlemmer i Vestland fylke.

Bladstyrar: Kjell Magnus Økland
Send bladmat på epost til
post@kystkultur.no

Framsidefoto: Åttringen Harald på tur rundt Osterøy i regi av Keipane kystlag og Evy Dame.
Foto: Kjetil Økland.

Årsmøte i fylkeskystlaget på Elsero



Bømlo kystlag med solid kontingent på årsmøtet som vart leia av avtroppande leiar, Thomas Johnson.

Bergen kystlag var vertskap for årets årsmøte i fylkeskystlaget laurdag 25. februar. Om lag 15 personar stilte i Njørdboden i Elsesro i Sandviken. Referatet fortel om fylgjande saksgang:
SAK-01-23: Årsmelding av 2022 er godkjent enstemmig
SAK-02-23: Årsregnskap 2022 er godkjent enstemmig
- Revisjon er godkjent av revisor for årsregnskapet 2022.
SAK-03-23: Utlån av Harald: 9 stemmer til forslaget, og ble vedtatt
SAK-04-23: Regler for utlån av Harald til forslag, og ble vedtatt.
- Kommentar fra Øyvinn Konglevoll: Sats for leie etter 5 dager bør korrigeres fra kr. 20.- pr døgn til kr. 100.- pr døgn. Forslaget ble mottatt og vedtatt.
SAK-05-23: Felles bestilling av infobanner om hvert kystlag,
SAK-06-23: Handlingsplan er godkjent enstemmig
SAK-07-23: Budsjett er godkjent enstemmig
SAK-08-23: Valgkomiteens innstilling er vedtatt enstemmig;

- Styreleder: Thomas Due Si-
vertsen 1 år som leder – 2 år som styremedlem (2023-2025)
- Kasserer: Eirik Ådnanes 2 år (2023-2025)
- Styremedlem: Svein Are Storesund 2 år (2023-2025)
- Styremedlem: Kjell Magnus Økland 1 år (2022-2024)
- Styremedlem: Thomas Johnson 1 år (2022-2024)
- Styremedlem: Kjell Magne Kvalheim 2 år (2023-2025)
- Vara: Bernt Alvsvåg 1 år (2023-2024)
- Vara: Morten Stigen 1 år (2023-2024)
- Vara: Julie Odland Skare 1 år (2023-2024)
- Revisor: Harald Dag Grindheim 1 år (2023-2024)
- Valgkomite: Siri Hanson, Øyvinn Konglevoll, Liv Bjerknes.
Under møtet fekk møtelyden betasuppe og etter sjølve årsmøtet var det høve til omvisning på Bergen kystlag sitt område. Her fekk ein sjå mange båtar og mykje godt arbeid som var i fin framdrift.

God stemning på årsmøtet. Vivian Steinsland song for oss.



Skuledagar på Ypsøy og på fjorden



Hausten 2023 har Rossland skule, Kvernbit IL og Ypsøy kystgard i Alver starta eit samarbeid der elevane kvar torsdag kjem ut til Ypsøy for å læra om naturen, sjøen og fiskarbondeskulturen.

**Over: Desemberroing i minusgrader på Ieosen med to seksæringar frå Kvernbit IL.
Foto: Kjell Magnus Økland**

Elevane på 5-8. trinn vert transportert i bilar til Io-kaien der Vigleik Ypsøy hentar dei i båt. Ute på øya får elevane uteundervisning heile skuledagen. Sentralt i undervisninga er berekraft, klimaavtrykk, natur- og kulturlandskapet med fokus på FN's berekraftsmål. Mellom anna skal dei finne ulike artar krabbe, tang og fisk, og ikkje minst skal elevane vassa i sjøen med

neoprensokkar på. Dette er ein del av korleis ein kan bli trygg i og på sjøen. Etter matpausen ror og fiskar dei med to seksæringar. Så langt er det gjennomført seks slike skuledagar. Alle partar ser fram til meir slik undervisning etter nyår. Kanskje kan opplegget med tida utvidast til andre skular i nærleiken.



**Venstre: Naturen som klasserom.
Foto: Vigleik Ypsøy.**

Under: Storm Espeseth Sirevåg har fiskelukke. Foto: Vigleik Ypsøy.





Vestland FYLKESKYSTLAG

Vestland fylkeskystlag vonar på ei samling av kystfolket i nye Vestland fylke.

Denne utgåva av Årebladet vert sendt ut til ei rekkje aktørar i Vestland fylke som driv med kystkulturaktivitetar som samsvarer med formålsparagrafen til Forbundet KYSTEN, men som ikkje har registrert organisasjonen sin som medlem der.

Interesseorganisasjonen Forbundet KYSTEN har i dag 125 lokallag spreidd rundt heile kysten. Lokallaga i 4 fylker har hatt såpass stor aktivitet at dei har oppretta ein koordinerande lekk – eit fylkeskystlag. Fram til 2020 var dette organisert i Hordaland fylkeskystlag + tre lag i Sogn og Fjordane (Nordfjordbåtlaget, Hornelen kystlag og Indre Sogn kystlag) som tok del i Åreblad-samarbeidet. Som følge av regionreforma endra fylkeskystlaget i 2020 namn til Vestland fylkeskystlag. Fylkeskystlaget har tidlegare gjort framstøt mot lokale lag i Vestland som ikkje er organisert i Forbundet Kysten om å ta dette opp att til vurdering. Dersom alle dei laga som me kjenner til vil gå med i dette samarbeidet vil me telja over 30 kystkulturinteresserte lag i heile Vestland Fylke.

Fylkes- Kva gjer fylkeskystlaget?

Fylkeskystlaget er ein koordinerande lekk for å formidla informasjon om kva lokallaga driv med. Me gjer ut Årebladet som har kome ut med ei til to årlege utgåver sidan 1992. Framover er målet vårt å gje ut eit vår-nummer og eit haust-nummer. Korleis har me råd til det? Forbundet Kysten overfører ein prosent av medlemskontigenten frå laga i vårt område til fylkeskystlaget og det er dette som dannar utgangspunktet for fylkeskystlaget sin økonomi. Dersom tilsluttande lag vert organisert gjennom Forbundet KYSTEN vil medlemmane i tillegg til 2 nummer av ÅREBLAD motta 5 nummer årleg av Tidsskriftet KYSTEN, altså får ein 7 blad i året for 500 kr. Det er mykje godt kystkulturstoff for pengane! Vestland Fylkeskystlag kan evt tilby nyttilslutta lag eit kollektivt abonnement på Årebladet for 100 kroner årleg per medlem.

Medlemskap i Forbundet kysten er personleg og kostar kr 500 pr år pr medlem. Det er ikkje fleire kostnader, verken for medlemmane eller lokallaga. Tvert imot, lokallag får tilbakeført medlemskontingent som stønad frå forbundet til drift av laget når laget er del av forbundet. Eksisterande lag treng ikkje endra på noko utover å sende kopi av årsmelding og rekneskap til forbundet ein gong pr år.

Medlemmar i Forbundet Kysten får tilsendt 5 utgåver av Tidsskriftet Kysten + 2 utgåver av Årebladet + tilgang til seminar, aktivitetar + høve til økonomisk støtte frå forbundet sentralt.

Direkte kollektivt abonnement på Årebladet kan ordnast ved å setja inn 100 kr til fylkeskystlaget sin konto 3520.54.42950 og senda ein epost med namn og adresse til post@kystkultur.no

Apropos Kystkultur.no: På fleire frontar samarbeider me med Kystkultur.no. Redaktør for Årebladet er Kjell Magnus Økland, som er dagleg leiar hjå Kystkultur.no. Denne stiftinga er eit samarbeid mellom i skrivande stund 25 kystkommunar frå Sveio i sør til Stad i nord og Vestland fylkeskommune. Bruk gjerne Kystkultur.no for å marknadsføra aktivitetar i din organisasjon. Det er gratis og du får eksponering på mange digitale flater i ditt nærmiljø.

I løpet av vinteren 2023/2024 vil Kjell Magnus Økland ta kontakt med ei rekkje aktørar i Vestland fylke som driv med kystkulturaktivitetar som samsvarer med formålsparagrafen til Forbundet KYSTEN, men som ikkje har registrert organisasjonen sin som medlem i håp om å knyta nærare kontakt mellom lokale aktørar og fylkeskystlaget.

Helsing

Styret i Vestland Fylkeskystlag

Bli med og stak ut kursen

I februar 2024 skal fylkeskystlaget ha årsmøte. Kanskje skal det inn nye personar i styret. Dette blir ei viktig oppgåve for valkomiteen: Siri Hanson, Øyvin Konglevoll og Liv Bjerknes. Ta gjerne kontakt med ein av desse for å kome med innspel til kandidatar. Styret vil også gjerne ha innspel og framlegg på post@vfkl.no til kva fylkeskystlaget skal arbeida med.



Dei siste åra har fylkeskystlaget fått til arrangementet Den Store Roen, utvikla Årebladet og er no i startgropa som båteigar for Oselvaråttringen Harald, som du kan lesa meir om på baksida av bladet. Kanskje sit nettopp du med den neste gode ideen og kanskje er fylkeskystlaget eit godt reiskap for å gje den gode ideen din vinger.

Fylkeskystlaget søker vertskap for årsmøtet 2024

Vestland fylkeskystlag har tradisjon for å leggja årsmøtet sitt til eit lokalt kystlag, som regel ein laurdag i februar månad. Det er fint om det lokale kystlaget kan by på eit eigna møtelokale med høve til å visa ting på lerret/projektor eller på anna form for storskjerm. Det er fint om årsmøte-lyden kan få servering og gjerne ei omvisning på anlegget til det lokale kystlaget. Fylkeskystlaget dekkjer kostnadene til matservering. For det lokale kystlaget er dette eit fint høve til å visa fram kva ein syslar med for tida til andre med same interesser. Vil ditt kystlag vera vertskap? Send oss nokre ord før nyttår på post@vfkl.no.

Reklamebanner for ditt lokale kystlag

Vi har til føremål å ta vare på og fremje dei gamle kysttradisjonane våre. Kystlaget held levande tradisjonelle kystkunnskapar og dugleikar, og tek vare på historiske bygningar og båtar som er viktige for heile lokalsamfunnet. Austevollshistorien seglar inn i framtida med storgavlen NOTMANN, brugdebåten BREGDO, motorseksæringen SNYGG, DORYEN frå snurparfisket, mørekuttaren SØRVÅG og småbåtane våre. Med base i Mølle i Vestre Vinnesvåg og i Bekkjarvik ønskjer vi velkomen om bord!

Til åttringen Harald (sjå s 20-23) høyrer det til eit teltnaust. Vestland fylkeskystlag skal snart tinga seg reklamebanner som veggflater. I den same tinginga kan kystlaget ditt hiva seg med og dra nytte av stordriftsrabatt.

Bannera til teltet vert produsert med breidde på 212 cm og høgde på 155 cm. Dei vert laga av perforert duk (mesh-duk) som tåler vind og vatn. Bannera vil eigna seg til å henga inntil vegg, eller fritt, både ute og inne. Det vert tre maljar på kvar sidekant = seks maljar totalt per banner. Prisen vert 1500 inkl. mva. kroner per banner.

Kvart banner bør såleis innehalda nokre bilete og ein tekst som kan stå seg nokre år. Ta kontakt med Kjell Magnus Økland for meir detaljer. Fylkeskystlaget vonar å senda ei større samletinging i løpet av januar/februar. Produksjonstida er ca 14 dagar. Eit (eller fleire) slike banner kan vera til stor nytte når kystlaget skal visa seg fram i lokalmiljøet.



Austevoll kystlag har auge på rekruttering

Då Austevoll kyst- og sogelag vart stifta i 1992, var det med stort engasjement. Det var mykje kystkultur i denne kyst- og fiskerikommunen som då var på veg til gløymeboka. Det måtte ikkje skje. Her skulle det satsast!

Den gamle Møllo i Vestre Vinnesvågen vart lagshus, og det blei solgt aksjer til kreti og pleti i kommunen til innkjøp av ein stor gavlebot. Eit samarbeid mellom Opplæringskontoret, kommunen og kystlaget nokre år seinare resulterte i bygging av ein kopi av den siste brugdeboten i kommunen. *Bregdo* tok prisen for beste nybygg på landsstemnet i Forbundet Kysten det året. Og medlemstalet føyk i vêret! Medlemmene i kystlaget drog i gong aktivitetar, berga mykje truga kystkultur og hadde mange eventyr det går gjetord om enno. Men over tid stoppa voksteren opp. Dei som stifta laget byrja å ver-

ta grå i håret på alvor og oppskrifta som skapte engasjement tidlegare såg ut til å mista noko av glansen. Medlemstalet byrja smått å sige nedover. Det byrja til og med å verta vanskeleg å samla menneskap nok til å halde 'torsdagsseglasen' i gong. Noko måtte gjerast.

Det første tiltaket det nye styret sette i verk, var å fokusera på aktivitetar og opplevingar framfor dugnad og vedlikehald. Vi greidde fint vedlikehaldet trass minkande medlemstal. Det var bruken og alt som er skøy som vi mangla folk til. Styret vart samde om at aktivitetar og turar var det vi skulle

vokster utligna dei som fall ifrå. Men det var ikkje nok til vokster... enno.

Austevoll kystlag er ikkje stort, og vi hadde allereie fleire båtar å styre med enn vi kunne sjøsette. Og laget hadde tidleg vald å fokusere på segl. Storgavlen NOTMANN var kronjuvelen i aktivitetsopp-legget vårt. Då vi tenkte attende til tida laget vart stifta, var det tydeleg at interessa for kystlaget eksploderte då ideen om å skaffa ein storgavel vart lansert. Kanskje var tida inne til å satsa stort enda ein gong? Kanskje trengte laget noko nytt å strekke seg etter?

Over åra har det vore mange som har etterlyst motor i kystlaget vårt. Men haldninga i laget var at vi hadde nok å bale med. Men det nye styret ville ikkje sitte roleg å sjå medlemstalet krype nedover. Vi bestemte at vi måtte våge å satse om det skulle vera von om å få til eit breiare engasjement. Vi vart samde om å vera på utkikk etter nye prosjekt, denne gongen med motor.



snakka meir om utad. Og det hjalp noko. Vi merka at Kystlaget vart møtt med større interesse og velvilje atter ein gong. Endringa skjedde litt etter litt. Medlemsutviklinga byrja smått å snu. Talet gjekk ikkje nedover lengre – til-

Den første moglegheit vi kom over var ein motorisert seks-æring. Den var ein av dei første motoriserte fiskebåtar i regionen. Forsterka med ekstra spant, og med ein ekstra bordgang, SNYGG var eit perfekt prosjekt for oss. Den var utstyrt med ein Rap G model, ein totakts semidiesel med fyringstopp frå 1924. Båten var frå omkring år 1880 og hadde stått i naust i Øklandsvågen i Austevoll sidan 1970. Båten ville krevje mykje arbeid å få sjødyktig att – blant dei mange skader var kjølen delt i to og var pressa opp i båten, og motoren såg ut som ein rustklump. Vi måtte sage hol i naustveggen for å få båten fram, og restaureringsarbeidet tok omkring 4 år før det kunne seiast ferdig. Men SNYGG er vorten eit vakkert klenodium for Austevoll, noko som vi fekk bevis for sommeren 2023 då den vart kåra til 'Beste restaurerte båt på Torgdagen i Bergen'. Og no byrja fleire i kommunen å få auge på Kystlaget att for alvor.

Mens vi heldt på med å fullføre arbeidet på SNYGG, fekk vi tilbod om eit like spanande motorprosjekt... den gamle doryen til ELDJARN. Reiar Tor Øster-vold hadde spora opp doryen som far hans hadde i si tid bestilt, restaurert den og bytta motoren frå Sabb attende til den meir originale Marna 24/32. Han vant beste restaurering på Torgdagen i 2017 med den. Men so sokk den ved kaien i Torangsvågen. Tor meinte at det måtte til eit lag med entusiastar om doryen skulle restau-

rerast og haldast i strek. Måten SNYGG var komen til heider att vart lagt merke til, og Austevoll kystlag vart spurd om doryen kunne passe for oss. Vi nølte ikkje lenge, sjølv om vi ikkje hadde utsikter til lagringsplass for endå ein båt i 32' storleik. Lykka står dei kjekke bi, tenkte vi, og tok imot båten. Det tok oss to år å få doryen i strøk att. Men no skin den! Og det vert lagt merke til at kystlaget har berga endå ein viktig båt for Austevoll. Doryer i original tapning og i bra stand er vortne sjeldan vare i vår tid. No utfyller den eit siste hol i museumsprosjektet laget samarbeider med Inge Halstensen om for å berge og presentere fiskerihistoria frå tida med landnot og fram til dei moderne ringnotsnurparane. Forskjellen i tilnærminga mellom oss er at kystlaget arbeider ut ifrå tanken om berging gjennom bruk. Helst med tilbod til storsamfunnet om å vera med i båtane våre kvar sommar.

Brått hadde vi 2 vakre motorbåtar som vi ville reise på tur med og vise fram. I tillegg skulle NOTMANN som seglande storgavel, og BREGDO som



er kanskje den einaste gjenvêrande brugdebåt i bruk i dag, haldast i hevd som bruksbåt. Vi hadde visjonar om å ta båtane våre med på turopplevingar i regionen, gjerne 'småstemne' i lag med andre kystlag. Sjølv med berre NOTMANN å flytte på, hadde det alltid vore eit problem å skaffe ein høveleg følgjebåt. No med tre, og fleire, båtar å følgje/slepe, vart det tydeleg for oss at vi burde ha ein større båt i kystlaget. Vi byrja so smått å kikke rundt oss etter ei skøyte.

Ingen kan si at vi ikkje vågar å satse. Og heldigvis, hadde medlemstalet byrja å stige for første gong på fleire tiår. Det såg ut til at ideane til utvikling slo heldig ut for laget. Omtrent då var det at eit styremedlem oppdaga at Bømlo kystlag hadde lagt deira motorkutter M/K SØRVÅG ut for sal. Prisen var eit rimeleg

Oppe: Snygg i svevet.

Venstre: Møllo i Vestre Vinnesvåg.

Høgre: Bregdo på Fanafjorden under Råseglseminaret 2023.
Foto: Roy A Nilsen/Kystkultur.no





langt strekk for oss, men innanfor rekkevidde, og det tok ikkje mange telefonsamtaler internt i styret for å få semje om at SØRVÅG såg ut til å passe godt inn i planane til Austevoll kystlag. Det virka som om gutta frå Bømlo syntest det og, og vi vart relativt kjapt samde om kjøp.

Vi overtok SØRVÅG våren 2023. Laget greidde å skrape saman midlar nok til å løyse båten ut og likevel ha buffer til drift av laget. Men kontrakten var berre byrjinga på papirarbeidet. Kjøp av ein strukturert skøyte krev dokumentasjon på at Kystlaget fyller vilkåra til både Fiskeridirektoratet og Sjøfartsdirektoratet. Styret brukte 6 månader og utallige rundar med begge direktorata før vi endeleg i september kunne få salet godkjend og overtakinga registrert i Brønnøysund.

I mellomtida, hadde vi allereie vore på tur med SØRVÅG fleire gongar. I juni tok vi turen til Torgdagen i Bergen med SNYGG og doryen. Vi overnatta i Strusshamn på vegen og vart utruleg godt tekne imot av Askøy kystlag. FOR eit anlegg dei

har der! I august vart SØRVÅG føringsbåten for NOTMANN og doryen til utandørs-musikalen til Tord Kalvenes, 'Skjebnar ved kysten', der båtane var aktive deltakarar på 'scenen', saman med Fjell kystlag. I september vart SØRVÅG brukt til transport av brugdebåten til Forbundet Kysten og Vestland fylkeskystlag sitt RÅSEGLSEMINAR på Stend.

Sjølv om rommet i SØRVÅG ikkje var ferdig innreidd, og det på langt nær må det innrømmast, fungerte den og brillefint til overnatting for deltakarane.

Det kom nokre små klager om snorking i tette omgjevnader, men underteikna høyrde ingenting og avskriv klagen som oppspinn.

Sjølv råseglseminaret var òg ein oppsiktsvekkande suksess. BREGDO viste seg å vera ein glimrande seglar, og segling med råsegl ser ut til å få ein renessanse i Austevoll kystlag. Vi syslar allereie med planer om gjenvissitt i Austevoll av den nye åttringen til Vestland Fylkeskystlag, HARALD. Då skal vi teste BREGDO mot HARALD med både råsegl og det nye spriseglet. Med litt PR lokalt bør det og vekke ny interesse for kystlaget.

For perioden det skrivast om, kan styret no slå fast at medlemstalet har auka med 18%, og det til trass for nokre fråfall av naturlege årsaker. Vi er enno noko spente på om vi har forrekna oss med nysatsingane og gapt for høgt, men det ser ut til at det er komen ny giv i Austevoll kystlag.

Helsing
Thomas Johnson
Austevoll Kyst– og sogelag





Torgdagen i Bergen

Torgdagen er kystkulturens største markering på Vestlandet og det er god plass til fleire kystlag langs kaiane i

Bjørn Breilid vart tildelt Johannes Kleppeviks Minnepris på Torgdagen 2023. Frå venstre styreleiar Vivian Steinsland, Marlen Kleppevik, prisvinnar Bjørn Breilid, Svein Berg og Mette Jacobsen. Foto: Kjell Magnus Økland.



Torgdagen i Bergen har sidan 1977 vore eit av Bergens største kulturarrangement. På Torgdagen kan du oppleve eit yrande folkeliv og dette er ein festdag for bymann og stril. Torgdagen er årvisst og du vil finna kystkultur med gamle båtar, bymann og stril i gamle klede, bodar med sal av mat og varer, kapp-roing, karing av best restaurerte båt og antrekk.



På Torgdagen ror strilar frå Ågotnes til Torget i Bergen. Foto: Trond Ågotnes.

Torgdagen i Bergen ynskjer å fremje og feire kystkulturen i handelsbyen Bergen og Strilalandsområdet omkring. Frå Strilalandslandet kjem fjordabåtar, skøyter og robåtar til indre del av Vågen. Ein kan høyra song, musikk, stev, historier og kjenna lukt og smak av fisk, tradisjonsmat og oppleve tradisjonshandverk for både kvinner og menn. Langs alle kaikantar ligg små og store tradisjonsbåtar og på Torget er folk kledd i gamaldagse klede. På Torgdagen kan du også handle lokalmat og jordbruksvarer i samarbeid med Bondens Marknad. Torgdagen i Bergen vert gjennomført i samarbeid med kystlag og andre organisasjonar, for å ta vare på gamle handelstradisjonar, å medverke til utvikling av kystkulturen i Bergen og omland. Torgdagen i Bergen er gratis og tilgjengeleg for alle. Torgdagen 2024 skjer laurdag 15. juni.





Over: Utsyn frå brua med 18 båtar synlege på bildet. Totalt deltok det 22 båtar i løpet av helga.

Under: Båtane passerer Straumsholmen på veg vestover til Lindøya.

Begge foto: Roy A Nilsen/Kystkultur.no



Gløtt frå Den Store Roen

4-6. august inviterte Bømlo kystlag til Den Store Roen. Vel 50 roarar i 22 båtar kom til Kulleseidkanalen.

Fredag kom det båtar sigande frå ulike kantar. Mange sjøsette frå båthengar ved saga på Åreid medan enkelte kom seglande frå vestsida. Båtane samla seg i Pøylo der Bømlo kystlag hadde rigga til grindbygg og benkar på grassletta like ved kanalen. Nils Sortland song og spelte gitar medan det vart aust opp fiskesuppe på tallerkane. Leiar i kystlaget, Magnar Skålevik, gav så ei orientering om ein færing kystlaget har fått hand om etter Laurits Klubben, som dreiv illegal verksemd under andre verdskrigen. Båten var endatil ein tur til Shetland som dekkslast på Vigra, der Leif Larsen (Shetlands-Larsen) var skipper. Seinare kom båten tilbake til Noreg og er no ein godt brukande robåt som kystlaget skal bruka til formidling.

Laurdag føremiddag gjekk folk i båtane om lag klokka 10 og ferda gjekk vestover kanalen, under brua og gjennom vestre kanal og over Trøytarosen, vestom og nordom Lindøy før ein lenda på austsida. Her tok Karl Henrik Gjerde i mot og gav ei grundig orientering om både gardsdrift, bergsverksdrift og barneheimsdrift som har vore på denne flotte øya. Det vart òg servert god lapskaus før det vart musikk ved Torbjørg Huus, Nils Sortland og Jan Tufteland. Deretter trakk folk ned i båtane og rodde mot Kulleseidkanalen der det skulle fotograferast frå brua.

Hyggjestund på Lindøya for vertskapet i Bømlo kystlag. Frå venstre: Mag-nar Skålevik, Sigurd Geitung, Eirik Aadnanes, Bernt Alvsvåg og Torleif Steinsvåg. Foto: Roy A Nilsen/Kystkultur.no



Musikk på Lindøya ved Nils Sortland (gitar og song), Torborg Huus (fele) og Jan Tufteland (fløyte).



Neste post på programmet var sosialt på festlokalet til gjestehamna. Her gav lokalhistorikar Kurt Inge Larsen ei fin orientering om garden Melkevik og ikkje minst Kulleseidkanalen si søge. Kanalen vart ferdigstilt i 1856 for å letta båtane si ferd mellom austsida og vestsida av Bømlo. På denne tida var Bømlo arena for eit omfattande sildefiske. Kanalen vart utvida og gjort djupare og breiare i perioden 1927-1935. Totalt er det tre kanalar (austre, midtre og vestre kanal) med ei total lengde på anlegget med 1,7 kilometer.

Ved kanalen ligg i dag ein liten handelsstad og turiststad, med daglegvarebutikk, bensinstasjon og ei populær gjestehamn. Kystlaget drifrar Kanalvoktarbustaden der det i si tid vart krevd bompengar for passering. Det vart tidleg etablert telegraf og postteneste ved kanalen og kystlaget driv eit lite telemuseum i telegrafhuset, som for øvrig er det fyrste bygget som Det Norske Statstelegraf bygde for eiga rekning i 1857/58.

**Bergpreik:
Brynjar Stautland fortel om geologien på Helganes.**

Sundag gjekk turen austover til Helganes. Her orienterte dagleg leiar i Sunnhordland Geopark, Brynjulf Stautland, om geologien i området, både på Helganes og høgare opp i terrenget på Siggjo. Etter dette gjorde ein strandhogg ute på Helganes, der fleire markante prestar har budd. Ein av desse var Niels Hertzberg (1739-1841) som misjonerte flittig for at folk skulle byrja å dyrka og

eta poteter. Same mann hadde òg stor tru på «den medisinske kilde» som låg på garden. Fleire av roarane slurpa i seg litt vatn herifrå, men merka ikkje anna helsegevinst enn att tørsten vart stilt. Etter dette splitta båtane opp og rodde kvar til sitt i varmt sumarver med mange gode minner i hugen.

Tekst og foto:
Kjell Magnus Økland



Mektig tur rundt Osterøy med åttringen *Harald*



I pinsen la Keipane kystlag ut på tur rundt Nord-Europa si største innlandsøy med ein seks-æring, ein færing, nokre kajakkar og ikkje minst åttringen Harald.

Starten gjekk fredag frå Haus der det er slipp nedom kyrkja. Kursen vart sett innover Sørfjorden, under Osterøybrua og med Vik som mål for fyrste etappe. Her vart det rekefest hjå Tove Mostraum med historiefortelling fra Havråtunet og gruvedriften i Skaftågruvane.

Laurdag starta med passering sundet nord for Osterøy. Her av Bruvik før kort stogg på Fantøyna/Ulvsnesøy. Vidare strake vegen nordover Veafjorden i medvind. 13 nautiske mil seinare vart det strandhogg, fiskesuppe og overnatting i den gamle skulestova på Bukkestein. Her var den einaste fastbuande, Oddvar Bukkestein, kunnskapsrikt vertskap.

Sundag er det passering av Kvamsholmen med naustet som Brørvikskuto står i på vinterstid. Neste stogg på ferda er Stamnes der Brørvikskuto ligg og duppar i heimehamna ved

sundet nord for Osterøy. Her står det høge laksa-giljer fleire stader og vitnar om godt fiske av vill-laks i fjorden.

Etter å ha passert Hokøy, Askjelsneset, Kleiveland og Padøy kjem Tyssebotn til synges. Her ventar Morten Svenson med omvisning på Tysse Mølle. Etter grillmat på kaien vert det musikk og dans ut på kvelden.

Måndag gjekk siste etappe til Hosangervågen. På turen var ikkje veret det heilt store med mykje regn og vind. Knut Espeseth oppsummerte det siste dagen med å seia «I dag er det Ikkje lenge fint ver, berre regn og ingen etter går ein vind.» Turen vil likevel best bli under Kalhuga for attraksjonar og opplestadbrua og levingar saman med fine folk.

passerer Kalandsholmen og kjem opp i Mellesdal-

Helsing
Evy Dame
Keipane Kystlag

Frå venstre: Øivind Bernes, Synnøve Spraglo, Kjetil Økland, Grethe Lind, Anne Laue, Hanne Tysnes, Tove Legerenes og Knut Espeseth. Foto: Evy Dame.



Kystlaget Romsa vitjar Stord Maritime Museum

Tysdag 21. oktober invierte Kystlaget Romsa til medlemsmøte hjå Stord Maritime museum.

23 interesserte deltakarar møtte på Natrutekaiaen på Stord og fekk omvisning i den omfattande samlinga til museet. Som start vart to eksemplar av «Stordmotor» fyrt i gang og stod og putla og gjekk medan medlemene vandra rundt på omvisning. Veneforeninga til museet stilte mannsterkt med guider som kunne sine ting.

Det er imponerende å sjå den store faglege breidden denne samlinga har. Midt i blinken for alle som er interessert i kysthistorie frå Vestlandet. Motorsamlinga var imponerende, men vel så imponerende var den enorme verktøysamlinga frå lokal båt- og motorbygging som museet hadde stilt ut.

Samlinga viser maritim historie frå Sunnhordland med Stord som naturleg «navle». Etter vandring i samlingane vart me traktert med kaffi og kringle samstundes som me fekk sjå ein dokumentarfilm med klipp som journalist og fotograf Tor Resser hadde tatt. For oss som hadde levd ei stund, fekk me friska opp gamle minne om ferjer, rutebåtar, snøggbåtar og fraktefart i Sunnhordland. «Nett sånn var det» fall ein replikk.

Då me takka for oss, var det mest som i avslutninga på dei gamle skulestilane: «Alle var me samde om at dette hadde vore ein gild dag»

Dersom Årebladlesarar reiser over Stord og har litt tid til overs, sjekk då ut om Stord Maritime Museum på Natrutekaiaen har ope. Det er absolutt verd eit besøk.

Helsing
Jan A Husebø

Øvst:
Stordmotorane under oppfyring klar for start.

Midten:
Regatta-Oselvaren Blåmann.

Nedst:
Frå andre etasje ned mot motorsamlinga i hallen.
Alle foto: Terje Lunde.





Fjell Kystlag 40 år

23. mars 1983 vart Fjell kystlag stifta av ein flokk idealistar som såg verdien av den gamle kystkulturen, som den gongen var i raskt forfall.

Etableringa av kystlaget var eit vidareutvikling av Torgdagsnemnda som hadde vore i sving sidan den fyrste Torgdagen i 1977. Kystlaget har seinare arbeidd jamt og godt. I dag har laget om lag 110 medlemmer. Laget disponerer eit representativt utval av gamle båtar og bygningar med lokalhistorisk sus. Sør for CCB på Ågotnes har Fjell kystlag i dag eit større anlegg med Giertsenaustet, Buanaustet, slipp og kaiar.

Her har folk møtt på dugnad kvar onsdag i 40 år. Før arbeidsøkta tek til er det kaffi og preik. Det skal vera kjekt å koma på dugnad.

Fjell kystlag har elles arbeidd på fleire frontar. Kystlaget driv eigen slipp på den

gamle handelsplassen Storesund på Syltøy. Her kan båtar opp til 45 fot slippsetjast. Same stad har kystlaget restaurert smie og disponerer òg eit naust og kaiar på området.

Vidare har kystlaget sidan 2002 vore ein sentral aktør i Langøy-marknaden. Det same kan ein seia om Torgdagen i Bergen. Her har kystlaget vore årvisst med sidan oppstarten med vaktbåtar på sjøen og fartøy langs kaiane og salsbod på land.

Sjølv om båt sjølv sagt er eit hovudfokus, arbeider kystlaget òg på andre frontar. Kystlagsdamene har bakekveldar på Tranevågen ungdomsskule kvar onsdag i vinterhalvåret. Resultatet er vel-smakande lefser, flatbrød og bakverk til festsamvær i kystlaget, Langøymarknaden og på Tordagen. Laget har òg stått bak ei rad kurs i baking, syng og andre tema. Og ikkje minst er det produsert store mengder tidsriktige klede som viser korleis stri-

len kledde seg i gamle dagar. Ei stor utfordring for Fjell kystlag framover, tilliks med mange andre kystlag, er å finna den neste generasjonen medlemmer som kan driva laget inn i framtida. I dei seinare åra har kystlaget difor teke steg for å få med ungdomar med utfordringar på dugnad. Kystlaget tar såleis mål av seg å romma vesentleg meir enn berre gamle båtar. Ein viktig del av arbeidet framover handlar difor om å inkludera folk med ulike bakgrunnar.



Kjelder: Heftet *Fjell kystlag 1983-2023*

– Mange tror det kun handlar om båt, artikkel i Vestnytt 31. mars 2023

Tekst: Kjell Magnus Økland



Bergen Kystlag 40 år

22. september 1983 vart Bergen kystlag stifta. Arbeid for kystkultur i Sandviken har ei forhistorie som går attende til tidleg på 1970-talet.

Med i denne forhistoria til kystlaget høyrer Bergen Seilskøyteklubb, som vert etablert i 1973 og som etter kvart etablerer seg på Ruskenes i Grimstadfjorden. Seinare på 1970-talet veks Baadelaget Sandviigen fram som eit lag der eigarar av nokre trebåtar samlar seg i Sandviken, frå 1978 i Sandviksboder 23-24. Etter påtrykk frå Forbundet KYSTEN fører dette til etablering av Bergen kystlag i Sandvigsbod nr. 24 i september 1983.

Ei omfattande oppgåve dei fyrste åra er arbeidet med å rehabilitera fleire store sjøbodar i Sandviken. Med kommunen som bodeigar og bodane og området rundt dei som base tek medlemmene i kystlaget på seg mange ulike oppgåver og kystkulturelle aktiviteter. Sandviken vert eit senter for omfattande kunnskapsoverføring kring restaurering av båt, ulike typar handverk, kurs og ikkje minst sjøferdsel der det kjende mottoet *vern gjennom bruk* vert sett ut i praksis. Mellom anna

står kystlaget i bresjen for AMO-kurs der jekta *Den Gode Hensigt* på 34 fot vert ferdig i 1992. Året etter kan *Enigheden* sjøsetjast. Seinare vert det laga til grindnaust for å gje båtar husly.

Det fyrste tiåret i dette millenniet vert turbulent. Etter kvart fører dette til at kystlaget skiftar base til Elsesro lenger nord i Sandviken og ikkje minst etablerer ein seg på Storøya i Eidsvåg. Her har ein langtidsavtale med partane Bergen og Omland Fri-luftsråd, Bergen Kommune, Bergen Kystlag og Åsane Seilforening. Ute på Storøya har det dei siste 10 åra vore utført eit omfattande istandsetjingsarbeid av bygningar, kaiar og ikkje minst er det gjort omfattande skogrydning.

I dei seinare åra har gavlbåten *Johannes*, motorgavelen *Torleif*, dampbåten *Dampen* og ulike robåtar kome til i båtparken. Gradvis har laget endra karakter bort frå eit fleirtal av privateigde båtar til at aktivitetane i dag stort sett skjer med lagseigde båtar. Båtane blir sjøsett om våren og landsett om hausten. I løpet av sumarsesongen er Bergen kystlag involvert i aktiviteter som segling, roing, turar og deltaking på ulike arrangement i Bergen og omegn. Vinterstid vert det utført båtstell, foredrag, handverk og maritime kurs. Onsdagskveldar klokka 1800 er fast medlemskveld med aktivitet, handverk og sosiale hendingar.

Tekst: Kjell Magnus Økland



BERGEN KYSTLAG

Gløtt frå råseglseminaret 2023 — Råseglet på Oselvaren



Færing, seksæring, åttring og brugdebåt på Fanafjorden. Foto: Atle Knutsen.

13 båtar og 48 deltakarar, ein båthall og ei strand. Kva kan ein få ut av det?

I løpet av andre halvdel av 1800-talet møter råseglet stadig sterkare tevling frå det meir moderne spriseglet og dei fleste byter ut råseglet til fordel for spriseglet. Dette ombyttet skjer såpass tidleg og

er så omfattande at me i dag ikkje har så god kunnskap om råseglet på Oselvaren. Råseglseminaret ville difor freista å koma nærare inn på råseglet og skroget, for segling og roing. Ein såg difor nærare på festemåtar for ståande og løpande rigg, seglfasong - høgde, bredde oppe og nede - kva avgjer og kvifor er råsegla på Oselvaren så trapesforma?

Seminaret tok til torsdag ettermiddag med presentasjon av båtar og deltakarar. Dinest gav Eldar Heide eit oversyn på det folket lurar på kring råseglet på Oselvaren.

Fredag starta med Frode Bjøru som orienterte om råseglet på Vestlandet sør for Stad. Dinest kunne ein kikka på eit originalt råsegl til ein færing i frå Austevoll.

Seminaret er ei fagsamling med båt, rigg og segl i sentrum. Foto: Vidar Langeland.



Neste økt var praksis. Båtane vart sjøsette frå stranda i Mjelkevika. Fanafjorden baud på sommarver og fin vind frå søraust. På ettermiddagen og kvelden var det innlegg om båtbygging, stipendordningar og råsegl på andre båttypar, før ein drøfta dagens røynsler i Tøsdalsløa.

Laurdagen baud på sumar, sol og 4 m/s. 11 båtar heiste segl. På ettermiddagen fekk ein høyra om brugdefangst, tryggleik i tradisjonsbåt og ulike segltypar brukt på Oselvaren. Til stor interesse viste Jan Tufteland frameit gamalt originalt råsegl frå Stolmen. Vidare drøfta ein tilhøvet mellom bredde oppe og nede til langt på kveld. Sundagen vart nytta til oppsummering, evaluering, rydding og heimreise.

Tekst: Kjell Magnus Økland



Korleis skal dette produserast, monterast og justerast?
Frå venstre: rå, råband, doble vant, rakke med nedhalar, mast med kaltopp, hønbera, draghol, drag og heilt til høgre heng brasen. Foto: Roy A Nilsen/Kystkultur.no

Tett trafikk ved Stendaholmen. Frå venstre: åttringen *Harald*, seksæringen *Babben* utan ror, to namnlause færingar og framskuten til *Bregdo*. Foto: Vidar Langeland.



Fine turar med åttringen *Harald* ventar på deg

Fylkeskystlaget har fått ein nybygd Oselvar åttring i gåve frå Norsk handverksinstitutt. Båten er no rigga med full tilfarspakke: årer, råsegl og sprisegl + tilhengar slik at han kan brukast av mange i heile fylket.

Frå 2018-2021 var Berit Osmundsen, båtbyggjar ved Oselvarverkstaden stipendiat ved Norsk Handverksinstitutt (NHI) sin treårige stipendiatordning for å gå i djupna på dei større båtane i Oselvartradisjonen. Som avslutning bygde ho ein Oselvaråttring på Hordamuseet. Våren 2021 tok NHI via Forbundet Kysten kontakt med Vestland Fylkeskystlag (VFKL). NHI inviterte då VFKL om å stå som eigar og formidla bruken av åttringen. Villkår/målsetjing: at ungdom/unge vaksne skal bli aktive brukarar av båten. VFKL takka sjølvsagt ja til dette.

Hausten 2021 var båten ferdig. Største lengde: 8,00 meter, største bredde: 2,1 meter. Båten har fire par årar, seks tofter og kan fint romme ei gruppe med eit tosifra tal personar. Båten er svært stødig og toler tre vaksne karar på esinga utan å ta inn vatn over ripa. Båten kjem til å ha utgangspunkt i Bergen, men kan leigast for kortare eller lengre periodar til aktivitetar.



Øvst: 2018-2021: Båten tar form: band, øvebører og bakriper er komme på. Foto: Berit Osmundsen.

Midt: 16. oktober 2021: Båtslakt i grindbygget ved Oselvarverkstaden. Foto: Vidar Langeland.

Nedst: 7. juni 2022: Dåp på Torgdagen i Bergen, gudmor er Sara Hamre Sekkingstad, ordførar i Alver.

Sesongen 2022 vart 13 ulike turar fordelt over 11 dagar i fem ulike kommunar. Det var med 54 roarar i frå 20-70-års alder i båten. Ca 44 nautiske mil tilbakelagd i sol, skya, regn, vindstille og kuling, til saman ca 120 brukstimar. Brukstimar er eit vanleg mål på kor mykje eit idrettsanlegg vert brukt. Ein brukstime er ein brukar i aktivitet i ein time. To brukstimar kan vera to brukarar i aktivitet i ein time, eller ein brukar i aktivitet i to timar.

I 2023 har mykje av sesongen gått med til å få båten rigga og klargjort for segling. Likevel kan båten logga over 500 brukstimar fordelt på 13 dagar i 5 ulike kommunar. Distan- sen båten har tilbakelagd for årer og segl utgjer vel 80 nautiske mil. Om lag 65 personar har vore om bord i båten i løpet av sesongen. I tillegg har båten reist på tilhengar over 400 km langs landevegen. Alt- så har det skjedd meir i 2023 enn i 2022. Denne trenden håpar me skal halda fram i åra som kjem.

For tida står båten vinterlagra i Lonevåg på Osterøy. Før sesongstart 2024 skal båten tjørebreiast. VFKL har tjøre ståande klart. Vidare er tan- ken at båten mellombels har base/utgangspunkt på Ber- genshalvøya, men styret i VFKL ser gjerne at båten vert brukt av mange rundt om- kring i Vestland fylke, særleg barn og unge.



Øvst: via midlar frå Vestland fylkeskommune har Harald fått sin eigen tilhengar. Foto: Kjell M. Økland
Midt: 13. april 2023 ror folkehøgskuleelevar frå Frek- haug til Torget i Bergen og retur. Foto: Roy A Nilsen
Nedst: Nøgne roarar på Den Store Roen i Kulleseid- kanalen på Bømlo, frå venstre: Liv Storheim, Dag Rune Økland, Jan Sem-Olsen, Kjell Magnus Økland og Siri Hanson. Foto: Roy A Nilsen/Kystkultur.no



Åttringen Harald seglar med råsegl på Fanafjorden under råseglseminaret. Frå venstre: Jan Sem-Olsen, Kjetil Storeheier Norheim, Atle Bergseth, Leif Harald Amundsen, Jørn Bøe, Håvard Hatløy og Stig Salbu Henneman. Foto: Roy A Nilsen.



Åttringen har full tilfarspakke:

Spririgg, råseglrigg

Skjøter / skaut

Årer

**Rorstang, rorkult og rorblad
Tiljer, tofter, batteri og elmotor
Ausekar og fangline**

Skrog

Følg åttringen Harald på
facebook.com/attringenharald



Åttringen *Harald* med prisegl på Bjørnafjorden. Seglet er sydd av Nils Inaki ved Seilmaker Iversen og var svenneprøven hans. Foto: Roy A Nilsen/Kystkultur.no

Åttringen og utstyret til båten kan leigast av kystlag, skular, frivillighetssentre og andre offentlege og private institusjonar. Andre aktørar med naudsynte kvalifikasjonar kan leige båten og utstyret etter særskilt avtale med VFKL. Utleige av båten avtaler du med VFKL sin båtkoordinator, Kjell Magnus Økland.

Utleiekontrakt skal signerast før båten og utstyret vert henta. Der skal ein notera kva som er teke med og kven som er ansvarleg for at båten og utstyret vert returnert i god stand. Leigetakaren har ansvaret for skader etter uforsiktig bruk og tapte gjenstandar.

VFKL tek berre ansvaret for skader som vert definert som normal slitasje. Utleiekontrakten skal signerast av den som har ansvar for båten og utstyret og returnerast til VFKL før båten vert henta.

Helsing
Kjell Magnus Økland

Prisar

For kystlag: døgnsats: kr 100 pr/døgn i inntil 14 døgn. For lån utover 14 døgn må det gjerast særskilt avtale med VFKL. Utlånssatsen gjeld for båten og alt av utstyr som takast med båten, og kan inkludera åttringen, årer, segl & rigg, auser, lunnar, tilhengar, telt og teltveggar. For andre aktørar: dette vert avtalt i kvart enkelt tilfelle.

Til åttringen er det kjøpt inn eit telt, som kan fungera som mellombels naust. VFKL planlegg tinging av reklamedukar som kan vera sideveggar på teltet. Sjå meir info på s 7.



Returadresse: Vestland Fylkeskystlag c/o Kjell Magnus Økland, Petedalsheia 77, 5254 Sandsli

Meld adresseendringar til: Forbundet KYSTEN, Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo - forbundet@kysten.no - tlf. 22 42 42 82



Kjell Totland vart nyleg tildelt kongens fortjenestemedalje for sin store innsats for seglsporten generelt og ikkje minst Oselvarseglinga spesielt. Her som ivrig instruktør på Siglarveko 2016 på Tysnes med Astrid og Johan Meyer som mannskap.

Kongens fortjenestemedalje til Kjell Totland

16. november vart Kjell Totland tildelt kongens fortjenestemedalje for hans store innsats over mange tiår for seglsporten og Oselvarseglinga. seglinga så høgt at han ofte set eiga segling til sides for at andre skal få segla. Difor er han ofte arrangør, dommar, målar eller tar styreverv.

Tekst og foto: Kjell Magnus Økland

Medaljen vart utdelt av ordførar i Bergen, Marit Warncke under ei markering i kommandantbustaden på Bergenhus festning. Forutan familien til Kjell var det til stades representantar for Vestland Seilrets, Oselvarklubben, Milde Båtlag, Austevoll Seilforening og Båtlaget Njord/Tysnes.

Han vert heidra for det frivillige arbeidet han har lagt ned til beste for Milde Båtlag og Oselvarmiljøet spesielt, men òg for sin innsats for heile det vestnorske seglmiljøet. Han elsker

